



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Møteprotokoll for Ørskog sokneråd

Møtedato: 13.06.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Kyrkjetorget i Ørskog

Til stades: Mons-Olav Walgermo, Kristian Fjørtoft, Inger Valbø, Kari Pauline Longva, May-Sissel R. Osvik

Geistleg representant Olav Rønneberg

Varamedlemmer: Ingeri Madsen, Ola Sønderland

Forfall: Knut Steinar Dyrkorn, Doreen Strømmen, Ann Kristin Paulsen, Kristian Sveen Kim-Ove Hestås

Ingeri og Ola går inn med stemmerett.

**Mons-Olav opna med å lese salme nr 751 «Herre, måtte dette skje?»
og tende eit lys for Arne B. Varmedal**

Saker

Sak 38/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 39/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 18.04.24

Sak 40/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

- **Leige av Ørskog kyrkje til Ørskog Brass sin julekonsert laurdag 14. desember.**
- **Takkeskriv for offer frå Bibelselskapet**
- **Skriv frå Historielaget vedk. minnestøtte over falne**
- **Nye medarbeidarar i Ørskog sokn**

Sak 41/24: Gudstenesteliste med offerformål

Sak 42/24: Grillfest for kyrkjelyden 20. juni kl 18.00

Sak 43/24: Revisjonsrapporten for rekneskapen for 2023

Sak 44/24: Permisjon for medlem i soknerådet

Sak 45/24: Nye vindu på Kyrkjetorget

Sak 46/24: Eventuelt



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 38/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader

Sak 39/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 18.04.24

Vedlegg: Møteprotokoll 18.04.24

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 18.04.24 utan merknader

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 18.04.24 utan merknader

Sak 40/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

Orientering på møtet

- Ørskog Brass ønskjer å leige kyrkja til julekonsert laurdag 14. desember.
- Takkeskriv for offer frå Bibelselskapet og Stefanusalliansen
- Skriv frå Historielaget vedk. minnestøtte over falne, tilrår at namnet til Oscar Alfred Selleseth blir lagt til på minnestøtta og spør om soknerådet kan ordne det. Finne ut kva firma som laga støtta. Det blir jobba med saka.
- Nye medarbeidarar i Ørskog sokn:
Astrid Josefine Eide er tilsett som dagleg leiar i Spjelkavik, Skodje og Ørskog. Ein dag i veka på Kyrkjetoget i Ørskog bør vere eit minimum.
Solveig Frafjord Whitcomb - kateket
Jan Kristian Behrentz – prest under utdanning.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande

Sak 41/24: Gudstenesteliste med offerformål

Det har vore krevjande for underteikna å få oversyn over listene. Men det er minst like krevjande for sørviskontoret å sy dette saman på ein god måte. Det er ein periode no med fleire vikarar og ferietid. Derfor må det vere med eit visst atterhald om oppsett liste er den endelege. Vi får gjere så godt vi kan. Når gudstenestedato er bestemt og prest er på plass, får vi prøve å plassere



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

klokkar/medliturg og kyrkjevert på datoane. Det er viktig at vi sjekker og ser når det er vår tur til å stille opp.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek gudstenestelista til vitande og godkjenner offerformåla som er sett opp.

15.09: Himalpartner

29.09: NLA

13.10: Mercy Ships

27.10: Menneskeverd

03.11:

17.11:

08.12:

24.12:

25.12:

Ønskje frå søndagsskulen at gudstenestene i Ørskog blir lagt på oddetalsveker.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek gudstenestelista til vitande og godkjenner offerformåla som er sett opp.

15.09: Himalpartner

29.09: NLA

13.10: Mercy Ships

27.10: Menneskeverd

03.11:

17.11:

08.12:

24.12:

25.12:

Sak 42/24: Grillfest for kyrkjelyden

Grillfesten blir torsdag 20. juni frå kl 18.00 på Kyrkjetoget for kyrkjelyden i Ørskog. Det betyr at denne er open for alle.

Soknerådet er arrangør

Det betyr at flest mogeleg avset tid til å lage til, kjøpe inn mm ..

Vi drøfter i møtet kva som må gjerast på førehand og kva som må gjerast under grillfesten...

I fjor – om lag 35-40 personar.

Under møtet kom vi fram til dette;

Grillar, stolar, bord: Mons-Olav

M-O bestiller fiskepakkar frå folkehøgskulen/ alternativt innkjøp av fisk for ca kr 1500

Innkjøp: Gilde pølser og karbonader, litt glutenfrie brød, frukt

Aktivitetar: Hesteskokasting, leikar, songar. Lage songark. Inger spelar orgel/piano.

Komite: Dei som kan frå soknerådet, stiller opp kl. 16.00.

Skjere frukt - Himmelsk lappskaus med krem

May-Sissel: Lagar potetsalat

Kunngjering: Facebook (Inger), annonse i avisa (Mons-Olav)



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 43/24: Revisjonsrapporten

Viser til vedlegg

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek revisjonsrapporten for rekneskapsåret 2023 til vitande

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek revisjonsrapporten for rekneskapsåret 2023 til vitande, men vil kome med følgjande kommentar til siste avsnitt i rapporten:

Rekneskapen vart sendt til Ørskog sokneråd 8. mars -24. På soknerådsmøtet 14. mars kom det fram fleire spørsmål som rådet ville ha svar på før godkjenning. Vedtaket vart utsett til vårt neste møte 18. april. At revisjonen først 3. juni får revidert rekneskapen, er kritikkverdig, særleg på bakgrunn av at revisjonen gjev soknerådet skulda for at revisjonen ikkje kunne halde fristen sin som er 30. april. For året 2022 kom revisjonsrapporten langt ut på hausten.

Vi ber om eit møte med revisjonen og dei som fører rekneskapen, slik at vi kan få svar på spørsmål og prosedyrer.

Sak 44/24: Permisjon for medlem i soknerådet

Nestleiar Inger Valbø skal reise ut att til Japan i misjonens teneste.

Det betyr at ho treng permisjon truleg resten av soknerådsperioden.

Det betyr også at soknerådet må velje ny nestleiar for 1 år i første omgang

Tilråding til vedtak:

Ørskog sokneråd innvilgar Inger Valbø permisjon frå soknerådet frå 1. august 2024 og ut soknerådsperioden. Soknerådet ønskjer ho lukke til og Guds signing i tenesta.

Ingeri Madsen rykkjer opp som fast medlem.

Ola Sønderland blir 1. vara og møter fast, og dei andre rykkjer opp ein plass.

Ørskog sokneråd vel May-Sissel R. Osvik til ny nestleiar frå same dato.

Vedtak:

Ørskog sokneråd innvilgar Inger Valbø permisjon frå soknerådet frå 1. august 2024 og ut soknerådsperioden. Soknerådet ønskjer ho lukke til og Guds signing i tenesta.

Ingeri Madsen rykkjer opp som fast medlem.

Ola Sønderland blir 1. vara og møter fast, og dei andre rykkjer opp ein plass.

Ørskog sokneråd vel May-Sissel R Osvik til ny nestleiar frå same dato.

Sak 45/24: Nye vindu på Kyrkjetorget

Det blir vist til sak i Husstyret vedkomande denne saka: *Fleirtalet i husstyret går for å skifte ut vindauga på vestveggen og skifte ut lister på andre vindauge der det trengst. Det betyr at utforminga av vindauga blir som før. Vindauga i 2. etasje skal kunne opnast. Vindauga på lillerommet skal også kunne opnast (dette er ei endring frå slik det er i dag).*

Vindauga bør vere «sota/farga glas» slik dei er i dag.

Vedlikehald med skraping og maling og evt. nye lister på dei andre vindauga skal gjennomførast som dugnadsarbeid.

Det skal hentast inn tilbod på utskifting av vindauge og arbeid med dette snarast.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd viser til sak frå husstyret og sluttar seg til konklusjonen om utskifting av vindauga på vestsida av bygget. Det er ønske om fortgang i saka.

Vedtak:

Ørskog sokneråd viser til sak frå husstyret og sluttar seg til konklusjonen om utskifting av vindauga på vestsida av bygget. Det er ønske om fortgang i saka.

Sak 46/24: Eventuelt

- Ola Sønderland orienterte om oppstart av mottak for einslege mindreårige på Haukåsen. 25 personar mellom 15 og 18 år.
12-17 stillingar er utlyste.
- Ønskeleg med eit telt over pianoet på Liasetra under friluftsgudstenesta søndag 16. juni -24.
(Mons-Olav syter for det)
- Vikar for kyrkjetenar. Spørje ungdommar. Ca 1 g. pr mnd Spør Line Oliva Sønderland. Inger sender manual til Ola som ho kan sjå på.

Referent:

Inger Valbø/ Mons-Olav Walgermo